



**DANSA HEILE TIDA:** Ane Karevoll og besten Knut Karevoll var mellom dei mange som storkosa seg under Badnajokk-konserten søndag ettermiddag.

## Uråd å sitja stille

**Ane Karevoll sat på fanget til besten i fem sekund ut i Badnajokk-konserten, før ho kasta seg ut i dansen.**

Sundag ettermiddag var det klart for nok ei urframføring under årets Vossa Jazz. Mambos Compañeros og born og unge frå Voss kulturskule, Voss Skulemusikklag og Badnajokk-koret tok oss me til Cuba, og leverte rytmar og harmoniar så fengjande at dansegolvet vart fullt dei gongene drill-troppen ikkje trong det. Mot slutten var det faktisk berre så vidt drilltroppen fekk plass for dansende glade born.

Det var som tinga frå scena, der orkesterleiar Kåre Kolve åtvare på førehand om at musikken som her vart framført, er av ein slik type at det nesten ikkje er råd å sitja fint på plassen sin. Ein må ofte berre dansa.

### Dansa heile konserten

Ane Karevoll var ei av dei som merka dette. Ho sat fyrst på fanget til besten, men konserten var knapt komen i gang før Ane kasta seg ut i dansen, heilt oppslukt i musikken og rytmane. Som ein

vind dansa ho opp og ned, fram og atende på sida av stolrekka.

Så stoppa ho litt og lydde. Så dansa ho seg vidare. Gjennom heile konserten dansa Ane, til melodiane «Rosa kjøle» og «Quanta na mera», til songen til Alexander Fernandez, som fekk publikum med på notane på mest naturlege vis, og til drilljentene i Voss Skulemusikklag sine oppvisningar.

### God øvingsdisiplin

Badnajokk-koret, kulturskulelevane og mambokameratane har ikkje hatt veldig mange øvingar i framkant av urframføringa, men orkesterleiar Kolve sa frå scena at dei var imponerte over kor godt budde dei unge vossingane var.

– Trønderane i bandet lurte på kva i all verda det er med vossingane sidan dette gjekk så bra. Kva slags disiplin er det de har på Voss, spurde dei.

– Tja, sa eg, dei veit å oppføra seg.

Latter i salen. Mambo Compañeros har vore eit leiande salsaband i Noreg årevis, og fleire Hordaland snakka med etter konserten, meinte dette var ein av dei beste Badnajokk-konsertane som har vore.

Det var i alle fall ein konsert å verta glad og inspirert av. Alle på scena gjorde ein svært god jobb, og musikken, mabo, salsa, rumba og merenge, går ikkje ut av kroppen med det fyrste. Det er som å ha vore på sjøen ei stund. Bylgjene vert att inni deg lenge etter at du har kome på land.

### Aldri heilt vaksne

Fernandez, som kom til Noreg frå Cuba i 1997 og som har reist mykje med Rikskonsertane, hadde kjempkontakt med borna, på scena og i salen. Han simutanoversette frå spansk til norsk, han dansa og vrikka på hoftene som damene i Columbia, og han fekk alle foreldra i salen til å reisa seg og dansa.

Han, kameratane, kulturskulen, drilljentene og koret tulla på, og fekk borna med seg til å nytta musikken, og til å dansa og gle seg slik berre born kan. Og som muskarane kan, for dei er slike store menneske som eigentleg aldri vert heilt vaksne. Heldigvis.

KARL YSTANES | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
nk@avisa-hordaland.no



**POPULÆR DRILLTROPP:** Det er ting som tyder på at leiaren for drilltroppen i Voss skulemusikklag, Bodil Jansen, kjem til å få nokre nye aspirantar etter denne oppvisinga.

## Frå flammedriven til handsveiva til ingenting på kinolerretet

**STUMFILM:** Me veit at musikarar er flinke å improvisera, men stumfilmseansen i Gamlekinoen vart litt i meste laget.

Det er klart det er på grensa til ekstremidrettsport å draska med seg ein flammedriven filmframvisar frå 1920 frå Bergen for å verkeleg ta framvisinga av stumfilmen Kristine Valdresdatter til uante høgder. Den gamle flammedrivne dama skapte seg vrang, så vrang at både musikarar og publikum vart sitjande gjerandslause lenge etter sendestart laurdag ettermiddag. Etter ei stund kom arrangementsansvarleg fram og forklarte kvifor korkje film eller musikk kom i gang.

Etter ny venting, vart det annonsert at kinomaskinistane frå Cinemateket i Bergen skulle prøva å handsveiva seg gjennom framsyninga, ein dryg maraton i seg sjølv. Og verkeleg, der flimra tittel og namn på regissør og skodespelarar på den kvite duken, og Anders Røine kunne endeleg innntona musikken han fekk Spellemannsprisen for no på etterjølsvinteren.

### Korte omgangar

Men akk, gleda vart kortvarig. Det tok neppe meir enn ti minutt før duken vart blendande kvit att. Orkesteret heldt fram i den, under omstenda, lett absurde posituren med ryggen mot salen. Og etter nokre minutt flimra det til att. Berre for å verta borte etter nye seks-sju minutt.



**MEDAN DET ENNO VAR HÅP:** I nokre korte minutt fekk publikum nytta kombinasjonen av stumfilm og nyskriven musikk. Men etter kvart rådde musikken grunnen åleine.

Til alt hell er Anders Røine ein gåverik forteljar. For å seia det rett ut: replikkane hans og formidlingsevna overgjekk dei noko oppstyla figurane me i korte trekk fekk sjå på lerretet. Etter eit tredje handsveiva forsøk, gav dei i maskinrommet opp.

### Fantastisk musikk

Men Anders Røine fortalde levande om kva som skulle ha gått føre seg på skjermen: eit trekantdrama av dei store, med slagsmål, knivsticking og sex som pikante ingrediensar. Rett nok var det dei som sterkt beklaga at dei ikkje fekk sjå dei heilt sikkert pirrande og grafiske skildringane, men for dei

fleste av oss gjekk det greit.

Anders Røine er eit unikum. Ikkje berre er han ein formidlingsevna overgjekk dei noko oppstyla figurane me i korte trekk fekk sjå på lerretet. Etter eit tredje handsveiva forsøk, gav dei i maskinrommet opp. Til alt hell er Anders Røine ein gåverik forteljar. For å seia det rett ut: replikkane hans og formidlingsevna overgjekk dei noko oppstyla figurane me i korte trekk fekk sjå på lerretet. Etter eit tredje handsveiva forsøk, gav dei i maskinrommet opp.

NILS KVAMSDAL | tekst  
VIDAR HERRE | foto  
nk@avisa-hordaland.no

## Stillferdig gospel – med trøkk

**Kva ville Blind Willie Johnson sagt om ein heftig frijazzintro til sin angrande Nobody's fault but mine?**

Spørsmålet er både retorisk og kanskje uinteressant, men det tvinga seg likevel fram på konserten med Solveig Sletthjell, Knut Reiersrud og jazztrioen In The Country søndag kveld. Ei tett opp mot perfekt avslutning på ein stor festival. Og kanskje ville Blind Willie, som den ekte musikaren han var, applaudert tangentvirtuos Morten Qvenild, bassist Roger Arntsen og trommeslagar Pål Hausken for deira måte å gå inn i den blinde gospelsongaren, gitaristen og evangelisten sine sjelekvalar.

### Lånt tid

Konserten opna, som albumet Trail of Souls, med James Anderson sin aldeles praktfullt vakre Borrowed Time. Den som ikkje får ro i sjela når Solveig Sletthjell let si røyst fylla rommet, treng endå meir musikalsk medisiner. For oss som fekk hjartefrekvens og

pust under kontroll der og då, vart resten av konserten ein reise på lånt tid. – Eg ville så gjerne det skulle ha vart lenger! sa ei kvinne på veg ut frå konserten. Og slik var det nok mange som kjende det.

Nesten heile konserten, som held fram med å fylgja kronologien på albumet dei to neste låtane; Bill Withers sin Grandma's Hands og Peter Gabriel sin Mercy Street, er bygd opp av eldre og nyare materiale av åndeleg karakter. Unntaket kom faktisk som fyrste ekstranummer: Knut Reiersrud sin eigen Holy Joe.

### Jazzfot

Når ein les at Solveig Sletthjell og Knut Reiersrud skal ha ein konsert som ber tittelen Trail of Souls, har ein lett for å stogga der og innstilla seg på ein gospel/negro spirituals-konsert i Sletthjell sitt langsame modus og med Reiersrud sitt usannsynleg elegante gitarspel. Derfor kan det nok ha kome overraskande på ein del i salen at trioen bak dei faktisk er jazzmusikarar og syntet

### GOSPEL I FRIE FORMER



**Solveig Sletthjell, Knut Reiersrud, In The Country - Trail of Souls Osasalen**

Sundag 9. april, Vossa Jazz 2017  
**Med:** Solveig Sletthjell – vokal, Knut Reiersrud – gitarar, Morten Qvenild – klaver og elektronikk, Roger Arntsen – kontrabass, Pål Hausken – trommer.

seg fram som nettopp det. Kor mange desse var, er ikkje godt å seia, men det var faktisk ein del som forlet salen urovekjande tidleg i konserten. Men for alle dei som opna sansane og let musikken strøyma inn, var det verd å venta på. Det vart nesten slik at ekstranummera, med nemnde Holy Joe og I don't Feel Noways Tired av James Cleveland var mellom dei desiderte høgdepunkta.

Ei verdig avslutning på ein stor festival.

NILS KVAMSDAL | tekst  
nk@avisa-hordaland.no